

<https://www.sognavis.no/jaktar-vidare-etter-at-storgjevar-glapp-me-snakkar-om-eit-titals-millionar-men-det-vart-nei/s/5-115-1185817>

## Jaktar vidare etter at storgjevar glapp: – Me snakkar om eit titals millionar, men det vart nei



Glasilog og klimaforskar Olav Orheim har realisert store byggeprosjekt før, og trur dei skal få det til no òg. Foto: Halvor Farsund Storvik

28.07.24 06:00

[Halvor Farsund Storvik](#)

Arkitekturen er teikna, kostnadskalkylane er rekna ferdige og på utstillingane står berre finpussen att. Jobben no er å få pengane på plass.

– Me treng 150 millionar, seier Olav Orheim.

På kafeen Inkåleisn i Mundal sentrum møter me styreleiaren i stiftinga Marheim, som sidan 2018 har jobba for å få realisert eit fjordsenter i Fjærland.

Prosjektet vart forsinka av covid og krig, men no er det full fart att på arbeidet, forsikrar Orheim oss om. Dersom alt klaffar ser styret føre seg opning våren 2027.

**Framdrifta er i første rekke avhengig av at finansieringa kjem på plass. Føresetnadane for slikt har ikkje akkurat vore dei beste i perioden me forhåpentlegvis er i ferd med å legga bak oss.**

– For meg som likar at det er fres i ting, så var det ei tolmodsprøve, seier Orheim.

*Her kan du sjå den nye illustrasjonsvideoen av bygget:*

Reiulf Ramstad Arkitekter frå Oslo har teikna den nye attraksjonen i Fjærland. Videoen gir eit inntrykk av korleis det blir når det står ferdig.

## – **Må vera spanande å besøka**

Ambisjonen er som før: å skapa ein internasjonal attraksjon som skal tiltrekka fleire gjester til bygda, og særleg til sentrum. Behovet er forsterka av at Mundal hotell, ein av hjørnesteinane i bygda, ikkje har hatt ope på seks år på grunn av renovering.

– Me har bremuseet, men bokbyen trekker ikkje nok folk, seier Orheim.

Tanken er at fjordsenteret skal utfylla bremuseet, og gjera Fjærland til ein stad folk kjem for å få kunnskap om den norske naturen, frå topp til botn. På same tid er Orheim minst like oppteken av å skapa opplevingar, som å legga til rette for læring.

– **Det hjelper ikkje om du formidlar god kunnskap, om ingen kjem. Skal du laga ein attraksjon, så må folk tykkja det er spanande å besøka det.**

**I samarbeid med eit firma som spesialiserer seg på nettopp slikt, har dei difor prosjektert tre hovudrom med interaktive utstillingar. Leik og eksperimentering går att som ein raud tråd. Barn er ei viktig målgruppe.**

– Det første, som mange museum gløymer, er at du ikkje kan gjera det spanande ved å berre skriva tekstar på veggen. Dei blir du veldig fort lei av. Du må engasjera alle sansane, ikkje berre augo, seier Orheim.



Fjordsenteret har ambisjonar om å skapa spanande opplevingar, i tillegg til å inspirera til læring om fjorden. Foto: Fjordviten

## Ny marinbiolog på plass

I 2022 starta arbeidet med å verna Sognefjorden. Eit fjordsenter kan såleis få ei viktig rolle når vernet er på plass.

Annonse

Frå før finst det to fjordsenter i Noreg, i Geiranger og Rosendal. Men Fjærland vil ifølgje Orheim skilja seg ut.

– Det er ingen stader i Noreg som formidlar kva som skjer under havoverflata, ingen. Ikkje på ein ordentleg måte.

Marinbiolog og HVL-førsteamanuensis Marianne Nilsen har hatt hovudansvaret for det faglege innhaldet, men er ikkje lenger åleine om det.

– For nokre månader sidan engasjerte me ein marinbiolog på deltid, som heiter Lisa Hernandez Graham. Ho har sagt opp jobben i Miljødirektoratet, og ønskjer å flytta med sambuaren til Sogndal. Det var veldig mange søkerar til den stillinga, seier Orheim.



Orheim viser oss tomta der senteret vil koma. Halvparten av bygget vil ligga på land, den andre halvparten vil ligga ute i fjorden. Foto: Halvor Farsund Storvik

## Pengejakta held fram

Ei privat gav vart i si tid utløysande for at bremuseet kunne verta ein realitet. Til det nye senteret er planen at ein tredel av summen skal finansierast av private eller bedrifter. Helst bør dei finna ein person som er villig til å legga millionbeløp på bordet.

**Dei var nære ved å få det til i fjor sommar.**


**– Me hadde ein potensiell sånn person på besøk hos oss då. Me snakkar om eit titals millionar, det var på det nivået. Men det vart nei.**

Orheim kan ein ting eller to om slike prosessar, gjennom sitt engasjement for bremuseet i Fjærland, Polaria i Tromsø og Frammuseet i Oslo.

– Men det betyr ikkje at eg har noka oppskrift. Eg veit berre at det er vanskeleg, og at du må få mange nei, før du får eit ja.

Den same regelen gjeld når du skal söka staten om pengar, den andre foten i finansieringa. Den første søknaden vart sendt allereie i fjor, til ei tilskotsordning for nasjonale kulturbygg. Det var ikkje uventa avslag.

– Det handlar om å koma seg inn i køen, og så beveger du deg sakte oppover. Eg trur ikkje me har sjanse i år heller, men me kjem til å søka igjen og igjen, til me byrjar å nærma oss. Kjem det på plass, og noko av den private finansieringa, så trur eg resten kjem til å løysa seg, seier Orheim, som med «resten» siktar til dei kommunale og fylkeskommunale bidraga.



Olav Orheim er særskilt nøgd med jobben til arkitektane i Reiulf Ramstad. Dei nyaste teikningane er ein del justerte frå førsteutkastet, særleg gjeld det takkontstruksjonen. Foto: Fjordvitenskapsmuseet